

Møtebok /referat 15.desember

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 15.desember 2020 kl 17.00
Møtestad: Stord Kyrkjekontor
Opning: Marit
Desse møtte: Dag Sele, Marit Grimstad, Nils Elde, Jens Arne Stautland , Øystein Kyvik, Jørgen Knudsen, Reidar Ådnanes

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
2020/43	012.1	Godkjenning av innkalling og saksliste. Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent med endring av rekkefølge på saker , og dermed på saksnr. Samrøystes. (Referatet er med nye saksnr)
2020/44	012.1	Godkjenning av referat frå FR møte 28.okt Vedtak: Referatet godtkjent utan merknader. Samrøystes
2020/ 45	131	Rekneskapsrapport. Pr 30 nov Vedtak: Rekneskapsrapport vert teken til vitande.
2020/46	21	Utlysing av stillinga som kyrkjelydspedagog. Vedlegg: Brev frå Stord KFUM/K Kyrkjevevja sitt svar til Stord KFUK/M Saksutgreiing med forslag til vedtak. (saksutgreiing U:OFF off.lova §13- personopplysingar) Jens Arne Stautland sa seg ugild i denne saka. Vedtak: <u>1.</u> Kyrkjevevje får fullmakt til å lyse ut stilling i trusopplæringa i 70-100% <u>2.</u> Brynhild Stautland får tilbod om stilling i resepsjon, seinast frå 1.8.2021. <u>3.</u> Stord kyrkjelege fellesråd har intensjon om å tilsetja Anne B. Nilsen i minst 70 % i trusopplæringa. SKF vil ha saka attende til møtet i februar med vekt på finansiering av denne stillinga. Dersom det er trong for avklaring før dette, får Au fullmakt til å ta avgjerd.

Samrøystes

2020/47

22 Forlenging av vikariat for kyrkjeverje.

Sakspapir. Saksutgreiing med forslag til vedtak

Vedtak : SKF forlenger engasjementet av Reidar Ådnanes som vikar for kyrkjeverje i 80% til 1.3.2021. Ekstra kostnader dekkja av midlar frå ubunde fond.

2020/48

11 Budsjett 2021. Justert forslag

Sakspapir: Budsjettforslag (exeldok)

Saksutgreiing med forslag til vedtak.

VEDTAK:

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde justerte budsjettet med ei brutto ramme på kr 14 396 356

Og ei kommunal tildeling på 8 721 000 (inkl kremasjonsavgift 90 000.-)

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek at refusjon kremasjonsavgift vert kr 2250.- pr kremasjon.

Samrøystes.

2020/49

002.32 Val av leiar og nestleiar for 2021.

Sakspapir : Saksutgreiing med forslag til vedtak

VEDTAK:

Stord kyrkjelege fellesråd vel Dag Sele til leiar for eit år og Marit Stalheim Grimstad til nestleiar for 1 år.

Samrøystes.

2020/50

020 Møteplan våren 2021.

Sakspapir : Saksutgreiing med forslag til vedtak

VEDTAK

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek fylgjande møteplan for 1. halvår 2021:

AU: Tirsdag 26. januar kl. 16.00

FR: Onsdag 10. februar kl. 17.00

AU: Onsdag 07. april kl. 16.00

FR: Onsdag 14. april kl. 17.00

AU: Onsdag 2. juni kl. 16.00

FR: Onsdag 16. juni kl. 17.00

Samrøystes

2020/51 Referatsaker

- A. Sjå sak 2020/39 Vedlikehaldsplan. Framdrift. Vedlagt notat**
- B. Reklamasjon dører. Kyrkjeverje refererte om kontakten med entreprenør og om planane vidare. Det vert utarbeidd ein tilstandsrapport (AKASIA)**
- C. Gravplassituasjonen. Vedlagt notat frå Liv Kari Bru**
- D. Referat frå Stord Sokneråd ved Dag Sele.**
- E. Referat frå Nysæter sokneråd ved Marit Grimstad.**